



Norsk dermatologisk
selskap

DEN NORSKE LEGEFORENING

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Deres ref.:
201001774-/PPT

Dato: 11.04.11

Svar på høyring – utkast til forskrift om endring i forskrift om strålevern og bruk av stråling.

Norsk dermatologisk selskap (NDS) er den fagmedisinske foreninga for hudlegane i Noreg. Vi takkar for å få høve til å svare på dette høyringsframlegget.

Som hudlegar ser vi dagleg konsekvensane av overdriven soling og bruk av solarier. Store deler av vår arbeidstid går med til å behandle solskada hud, både hudkreft og andre solskader. Føflekkreft er den alvorlegaste forma for hudkreft. Nye studiar viser at risikoen for føflekkreft aukar med solariebruk, spesielt er risikoen auka for dei som startar med soling i solarier i ung alder.

Allereie i førre høyringsrunde gjekk NDS inn for 18-årsaldersgrense for bruk av solarier og at alle solarier skal vere bemanna med kvalifisert personell som kan gje råd til brukarane.

Styret i Norsk dermatologisk selskap støttar forslaget til nytt andre og tredje ledd til § 36 i forskrift om strålevern og bruk av stråling (strålevernforskriften).

Med helsing

Turid Thune
Leiar
Norsk dermatologisk selskap